

Årsmelding

For Pinsemenigheten Betel Sletta til årsmøte 4.februar 2018

Året 2017 har vert et nokså vanlig virke år for menigheten. Nokre høgdepunkt har det likevel vore. Spesielt vil eg nemna ein ting:

Haukstevnet, med hovudtalar Arne Øystein Rambekk, kona Berit og Tertnes musikklag var en fulltreffer. Emigrantkyrkja var nærmast fullsatt søndag 17. september. Laurdagsmøtet med Berit og Arne Øystein var også godt besøkt. Ganske mykje folk frå distriktet, og ein del frå Bergen. Arne Øystein hadde sterke og interessante bodskap.

Søndagsskulen har også i år hatt god drift. Det har vore dei same trufaste medarbeidarane som har halde oppe dette arbeidet.

Misjon: Menigheten har også i år støtta tre ulike misjonsprosjekt med kr 5 000,- til kvar. Inger Johanne og Inge Bjørnevoll har vore misjonærar i Paraguay, og har eit prosjekt med å omsetja bibelen til eit lokalt språk. Dei har også eit prosjekt der dei hjelper gateborn . Gunnveig og Ernst Knudsen har vore misjonærar i Kenya, og dei driv ulike hjelpeprosjekt for kvinner. Familien Håkon Aasebø er misjonærar i Thailand.

Konsert: Det har også i år vore arrangert konsert i Emigrantkyrkja. Denne gongen var det ein julekonsert, den femte desember med Micael Jærlestrand. Dette er eit samarbeid med Filadelfia Manger, som Arvid Aasgaard står i spissen for.


Etter ferien byrja møta igjen 27. august, med trioen Jarle Oddmund og Rolf frå Filadelfia Manger. Følgande predikantar har besøkt menigheten med eit eller fleire møter i året 2017,: Asbjørn Ystebø, Geir Ståle Talberg, Egil Johansen, Torolf Karlsen , Jacob Aasebø, Solfrid og Rolf Sylta, Berit og Arne Øystein, Rambekk, Laila og Svein Børtveit, Bjarnhild og Øystein Rong, Gunnveig og Ernst Knudsen, Tor Rødseth. I tillegg har forstandar Olav Martinsen vore talar på ein del møter. Det kan og nemnast det årlege fellesmøte til inntekt for Radio PR, og fellesmøte med Terje Berg. Begge desse møta i Betania Knarvik. Me takkar Gud for alle som har gjeve oss oppmuntring, og formaning i frå Guds ord.

Etter lov om trussamfunn og ymist anna av 13. juni 1969, skal den som representerer menigheten hjå fylkesmanne ikkje vera over 75 år. Når no Arvid Valdersnes fylte 75 i august 2016, måtte det veljast ein ny. Menigheten har no vald Tom Arild Valdersnes som ny representant overfor fylkesmannen.

I løpet av året har vore val på nytt medlem i eldsterådet: Tom Arild Valdersnes. Val på tenar: Arvid Aasgaard. Val på skrivar: Unn Iren Martinsen Tangedal.

Dugnad: 1) Oppussinga av kjellaren er no ferdig, og rommet er i bruk til aktivitetar for born. 2) Parkeringsplassen og vegen fram til rullestolsrampen har vorte grusa på nytt.

Tom Arild Valdersnes



Oddmund Skjelvik



Arvid Valdersnes

